

# Sakspapir

| Saksbehandler         | Arkiv  | ArkivsakID |
|-----------------------|--------|------------|
| Tone Selmer Skuggevik | FA-M09 | 20/96      |

| Saksnr   | Utvalg        | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 010/2022 | Kommunestyret | PS   | 31.03.2022 |
| 009/2022 | Formannskapet | PS   | 22.03.2022 |

## Kommunedelplan for vassforsyning,avlaup og vassmiljø

### Forslag til vedtak:

Modalen kommunestyre vedtek kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø slik den ligg føre.

Modalen kommunestyre vedtek kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø slik den ligg føre, med dette tillegget: punkt 12 i tabell 1 tiltaksplan blir lydane slik: VA-anlegg nytt bustad felt Kleivane/Trohaugen

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn:

Gjeldande VA-planar for Modalen kommune er frå 1997 og er såleis av eldre dato. Det er behov for å vedta ny plan med reviderte målsetjingar, oppdatert status og tiltak for å sikre vassforsyninga, avlaupshandteringa og vassmiljøet i Modalen.

Det er utarbeidd ein felles kommunedelplan for sektorane vatn og avlaup.

Oppstart av planarbeidet vart vedteke av formannskapet i Modalen hausten 2020. Det vart nedsett ei kommunal prosjektgruppe som har leia arbeidet med kommunedelplanen. Norconsult AS er rådgjevar for planarbeidet og har delteke i prosjektgruppa, som består av følgjande medlemmer:

Tone Selmer Skuggevik, Teknisk sjef

Kjell Langeland, Konsulent Teknisk

Njål Bolstad Eidsnes, Ingeniør Teknisk

Johan M Hansen, oppdragsleiar Norconsult

Ingrid Vatne, Rådgjevar Norconsult

Hausten 2020 vart det utarbeidd eit planprogram for planarbeidet. Melding om oppstart av planprosessen vart sendt til offentlege mynde og lag, samt kunngjort på kommunen sine heimesider. I tråd med plan- og bygningslova vart planprogrammet lagt ut til offentlig ettersyn av formannskapet 29. oktober 2020, med høyringsfrist 09.12.2020. Planprogrammet vart vedteke i kommunestyret 18.02.2021.

## Vurdering

Planutkastet vart etter handsaming i Formannskapet i møte 23.11.2021 lagt ut til offentlig ettersyn i perioden 10.12.2021 – 21.01.2022. Det kom inn høyringsfråsegn frå Norges vassdrags- og energidirektoratn (NVE), Direktorat for minerealforvaltning (DMF) og Vestland Fylkeskommune.

NVE har ingen merknader til planutkastet. DMF peiker på at mineralressursene i Modalen kommune må takast omsyn til ved prosjektering av nytt VA-anlegg, slik at ressursane ikkje vert forhindra. Vestland fylkeskommune har fleire innspel til tekst som kan leggjast til planutkastet om Modalen sitt arbeid med vassområde Voss-Osterfjorden, samt tiltak om kartlegging av dei separate avlaupsanlegga. Innkomne merkandar og korleis desse er innarbeidd i planen er vist i vedlegg 1. Komplette innspel er vist i vedlegg 2. Modalen kommune takkar for gode innspel til planutkastet.

Kommunedelplanen er delt inn i fire delar (Del A-D). Del A er felles for vassforsyning og avlaup og tar for seg bakgrunn og rammer for planarbeidet, mellom anna lovgrunnlag og sentrale forskrifter, tilhøvet til andre planar og korleis arbeidet med vassforsyning og avlaup er organisert i kommunen.

Del B tar for seg vassforsyninga i kommunen. Der vert det gjeve skildring av eksisterande anlegg samt naudsynte tiltak for vidare utbygging og forbetring. Tilsvarande handlar del C om avlaup. Del D visar ei oversikt over prioritering og kostnadskalkyle for tiltaka.

Føremålet med planen er å sikra at alle i Modalen kommune til ei kvar tid skal ha tilgang til nok og godt drikkevatt. Transport og reinsing av avlaupsvatt skal vere i samsvar med regelverk og NS-standard.

Som ein del av planarbeidet er det gjennomført risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) for vassforsyninga. ROS-analysen har identifisert fleire hendingar med uakseptabel risiko med omsyn til samfunnstryggleik.

Jamfør innspel frå Statsforvaltaren er det også gjennomført Miljørisikoanalyse for avlaup i planprosessen. Analysen identifiserer og understreker behovet for å få innmålt og dokumentert eksisterande anlegg.

Det er viktig å investera i vassforsyning og avlaupshandtering i Modalen dei kommande åra. I første omgang er det viktig å få oversikt over leidningsnettet og anlegg gjennom innmåling og etablering av digital leidningsdatabase. I tillegg vert det viktig å sikra tilstrekkeleg sikkerheit og kapasitet i

vassforsyninga og å sikra tilstrekkeleg reinsing av avlaupsvatnet. Eksisterande kommunalt utsleppsløyve skal fornyast basert tilhøve i resipientane.

Tiltaka i planperioden gjev utslag i store økonomiske investeringar. Totalt er det planlagt tiltak for om lag 27 mill. kroner i perioden 2022-2032. I Modalen kommune vert vassforsyning og avlaupshandtering subsidisert. Det er få abonnentar å dela kostandane og ved full sjølvkost ville gebyrnivået i planperioden blitt svært høgt.

Fastsetjing av gebyr og kor stor andel som skal vera subsidiert vert vurdert ved fastsetjing av budsjett hausten 2022. I planen er det vist korleis VA-gebyret ville blitt ved full sjølvkost i planperioden.

Tiltaka i hovudplanen er overordna tiltak basert på dagens informasjon om anlegga. Vidare undersøkingar kan endre omfang og korleis problemstillingane vert løyste.

### **Konklusjon**

Rådmannen tilrår at kommunestyret vedtek kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø slik den ligg føre.

## **Formannskapet - 009/2022**

### **FOR - behandling:**

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik orienterte om kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø og svara på spørsmål

Spørsmål/innspel:

- Private vasskjelder og kloakkanlegg; kommunen har ansvar for å ha overordna oversikt og handsame eventuelle søknader knytt til dette.
- Sjå boligutbygging og planane i samanheng.
- Handsaming av mineralundersøkingar.

Samrøystes vedteke

### **FOR - vedtak:**

Modalen kommunestyre vedtek kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø slik den ligg føre.

## **Kommunestyret - 010/2022**

### **KS - behandling:**

Rådgjevar Norconsult Ingrid Vatne orienterte om kommunedelplanen for vassforsyning, avlaup og vassmiljø.

Det vart mellom anna orientert nærare om:

- Status for VA i Modalen kommune
- Tiltaksplan 2022 - 2023
- Kostnadsoverslag og behov for investeringar
- Vurderingar kring sjølvkost og gebyr
- Innkomne merknader/høyringsfråsegn.

Spørsmål om private vasskjelder: private må ha godkjende utslippslaup der kommunen er godkjenningssmynde. I planen er private tiltak tatt med, jamfør retningslinjer om dette.

Håvard: Forslag om at ein i tiltak om forprosjekt om utbetring av Kleivande tek med området Trohaugen.

Kommunestyret voterte over nytt forslag til vedtak.

Samrøystes vedteke.

### **KS - vedtak:**

Modalen kommunestyre vedtek kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø slik den ligg føre, med dette tillegget: punkt 12 i tabell 1 tiltaksplan blir lydane slik: VA-anlegg nytt bustad felt Kleivane/Trohaugen

### **Vedlegg:**

Kommunedelplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2022-2032\_E03

Vedlegg 1 Innkomne merknadar med vurdering

Vedlegg 2 Innkomne merknadar komplett